



## Saksframlegg

| Saksnr. utval | Utval         | Møtedato   |
|---------------|---------------|------------|
| 006/18        | Formannskapet | 08.02.2018 |
| 007/18        | Bystyret      | 15.02.2018 |

## Delegeringsreglement for Førde kommune

### Vedlegg i saka:

01.02.2018 Administrativt delegeringreglement

270727

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Rådmannen sitt framlegg til delegeringsreglementet i saksutgreiing av 01.02.2018 vert vedteke. Rådmannen sine fullmakter er avgrensa til enkeltsaker eller typer saker som ikkje er av prinsipiell betydning.
2. Formannskapet tek avgjerd i saker som ikkje vert avgjort av bystyret, og som ikkje vert avgjort av andre organ etter lov eller delegert mynde. Dette gjeld også fråsegner og tilrådingar til organ utanom kommunen.
3. Delegeringsvedtak som er gjort av bystyret gjeld framleis så langt dei ikkje er endra ved dette delegeringsreglementet.
4. Rådmannen har fullmakt til å gjere vedtak i enkeltsaker eller typer saker som ikkje er av prinsipiell betydning på områder som ikkje er kome med i reglementet, eller etter kvart som nytt lovverk eller andre statlege reglar gjer reglementet forelda.
5. Formannskapet får fullmakt til å gjere vedtak i saker som skal handsamast av bystyret, når det ikkje er tid til å kalle inn bystyret, jfr. kommunelova § 13 ("hastevedtak")

### 08.02.2018 Formannskapet

#### Handsaming:

Samrøystes tilråding

#### FORM-006/18 Vedtak:

1. Rådmannen sitt framlegg til delegeringsreglementet i saksutgreiing av 01.02.2018 vert vedteke. Rådmannen sine fullmakter er avgrensa til enkeltsaker eller typer saker

- som ikkje er av prinsipiell betydning.
2. Formannskapet tek avgjerd i saker som ikkje vert avgjort av bystyret, og som ikkje vert avgjort av andre organ etter lov eller delegert mynde. Dette gjeld også fråsegner og tilrådingar til organ utanom kommunen.
  3. Delegeringsvedtak som er gjort av bystyret gjeld framleis så langt dei ikkje er endra ved dette delegeringsreglementet.
  4. Rådmannen har fullmakt til å gjere vedtak i enkeltsaker eller typer saker som ikkje er av prinsipiell betyning på områder som ikkje er kome med i reglementet, eller etter kvart som nytt lovverk eller andre statlege reglar gjer reglementet forelda.
  5. Formannskapet får fullmakt til å gjere vedtak i saker som skal handsamast av bystyret, når det ikkje er tid til å kalle inn bystyret, jfr. kommunelova § 13 ("hastevedtak")

## 15.02.2018 Bystyret

### Handsaming:

#### Samrøystes vedtak

#### BY-007/18 Vedtak:

1. Rådmannen sitt framlegg til delegeringsreglementet i saksutgreiing av 01.02.2018 vert vedteke. Rådmannen sine fullmakter er avgrensa til enkeltsaker eller typer saker som ikkje er av prinsipiell betydning.
2. Formannskapet tek avgjerd i saker som ikkje vert avgjort av bystyret, og som ikkje vert avgjort av andre organ etter lov eller delegert mynde. Dette gjeld også fråsegner og tilrådingar til organ utanom kommunen.
3. Delegeringsvedtak som er gjort av bystyret gjeld framleis så langt dei ikkje er endra ved dette delegeringsreglementet.
4. Rådmannen har fullmakt til å gjere vedtak i enkeltsaker eller typer saker som ikkje er av prinsipiell betyning på områder som ikkje er kome med i reglementet, eller etter kvart som nytt lovverk eller andre statlege reglar gjer reglementet forelda.
5. Formannskapet får fullmakt til å gjere vedtak i saker som skal handsamast av bystyret, når det ikkje er tid til å kalle inn bystyret, jfr. kommunelova § 13 ("hastevedtak")

### Bakgrunn for saka:

#### Saksutgreiing:

##### 1. INNLEIING

28.05.2012 vart Kommunelova (KL) endra, og fekk slikt nytt punkt 2 i § 39:

§ 39. *Reglement. Arkiv.*

-----

*2. Kommunestyret og fylkestinget skal selv vedta reglement for delegasjon av avgjørelsesmyndighet og for innstillingsrett innen 31. desember året etter at kommunestyret og fylkestinget ble konstituert. Sist vedtatte reglement og eventuelle andre vedtak gjelder inntil nytt reglement er vedtatt.*

-----

Etter denne paragrafen skal Bystyret vedta delegeringsreglementet ein gong i valperioden innan 31. desember året etter at det vart konstituert. Bystyret skal også vedta korleis innstillingsretten til politiske organ skal fungere. Pga. arbeidssituasjonen vert saka først fremja no.

Rådmannen føreslår ikkje vesentlege endringar i denne saka, og føreslår å vidareføre den delegeringspraksisen som er innarbeidd i Førde kommune. Reglementet er oppdatert der det har komme til endringar i lovverk.

Satsane for dagmulkt og førelegg som kan ileggjast administrativt er auka til kr 2000,- pr. dag og kr 100.000,- som eingongsbeløp.

## **2. BAKGRUNN**

25.09.2003 gjorde Bystyret vedtak om at avgjerd i alle enkeltsaker eller typer av saker som ikkje er av prinsipiell betydning skulle delegerast til rådmannen. I sak 14/04 vedtok så Bystyret eksisterande delegeringsreglement, og i saksutgreiinga vart prinsippa for delegering drøfta:

### **«DELEGERINGSPRINSIPP:**

#### **- Generelt.**

*Etter kommunelova er alt mynde lagt til kommunestyret. Mynde som etter særlover tidlegare var lagt til andre organ, skal no vere tilpassa dette prinsippet. Vi har likevel framleis ein del lovbestemmelsar som legg mynde til lovbestemte utval som formannskapet, planutvalet, valstyret m.m. Dette rokkar likevel ikkje med hovedprinsippet om at det er kommunestyret/bystyret som har det avgjerande ord i kommunesamanheng.*

*Kommunestyret kan delegerer myndet til andre politiske organ eller til rådmannen med mindre det er bestemt at myndet ikkje kan delegerast. Tilsvarande kan andre politiske organ delegerer til rådmannen. I den grad det er aktuelt med delegering frå andre organ til rådmannen, vil det bli fremma eigne saker for dette organet om det. Sjølv om eit mynde etter lova ikkje kan delegerast, kan kommunestyret gjere vedtak om at formannskapet eller anna fast folkevalt organ kan gjere vedtak i saker når det ikkje er tid til å kalle inn vedtaksorganet, kommunelova § 13. ("hastevedtak")*

#### **- Kva er delegering?**

*Delegering betyr overføring av mynde frå eit organ til eit anna. Den ein delegerer til, kan treffe avgjerder innan vedtaket sine rammer på vegne av den som delegerer. Delegering av mynde inneber ikkje at det organ som delegerer gjev frå seg ansvar eller mynde på vedkomande område. Den som delegerer mynde kan når som helst ta dette tilbake.*

#### **- Kvifor delegering?**

*Kommunane har etter kvart fått eit omfattande administrativt apparat. Dette er heilt nødvendig for å gjere arbeidsformer og vedtaksprosessar effektive og tenlege og å få til eit fornuftig skilje mellom politikk og administrasjon.*

### **- Delegering til formannskapet.**

*Formannskapet tek avgjerd i alle saker som ikkje vert avgjort av bystyret, og i saker som ikkje vert avgjort i andre organ etter lov eller delegert mynde. Dette gjeld også fråsegner og tilrådingar til Kommunenes Sentralforbund (KS), fylkeskommunale og statlege organ m.m.*

### **- Delegering til rådmannen.**

*All delegering til administrasjonen skal skje til rådmannen så langt lovverket ikkje seier noko anna. Det er berre vedtak i enkeltsaker eller typer av saker som ikkje er av prinsipiell betydning som kan delegerast til rådmannen (kommunelova §23.4). Saker som ikkje kan delegerast er t.d. fastsetjing av årsbudsjett, økonomiplan, kommuneplan. Elles ligg det i formuleringa eit vidt spelerom for kva som i det enkelte tilfelle blir sett som forsvarleg eller tenleg.*

*Det stiller store krav til rådmannen si vurdering av kva slags saker han meiner bør leggjast fram for folkevald avgjerd. I rådmannen si tilsetjingsavtale heiter det at rådmannen minst ein gong i året skal ha møte med ordførar og tre andre medlemmer av formannskapet. På dette møtet skal ein drøfte administrasjonen sitt arbeid og arbeidsmetodar samt samarbeidet mellom administrasjonen og politikarane. Det bør vere eit sentralt tema på dette møtet om dei folkevalde deler rådmannen sitt syn på kva slags saker som bør handsamast av folkevalde.*

*Alle kommunale folkevalde organ kan delegerere avgjerder til rådmannen såframt bystyret ikkje har bestemt noko anna.*

*Sjølv om eit saksområde er delegert, har ikkje overordna myndigheit gitt frå seg kontrollen over området. Det kan instruere rådmannen om korleis myndet skal utøvast og krevje rapportar. Det kan i ein del tilfelle gjere om vedtak av underordna organ.»*

**Desse prinsippa ligg fortsatt til grunn for arbeidet i administrasjonen.**

### **3. ADMINISTRATIVT DELEGERINGSREGLEMENT**

Det er ein føresetnad for all delegering til rådmannen at det vert utarbeidd eit eige reglement for delegering av mynde internt i administrasjonen. Det er rådmannen som gjer delegeringsvedtaket, og det administrative delegeringsreglementet vil vere ein del av den administrative organisasjonsmodellen. Eksisterande administrative delegeringsreglement føl saka som vedlegg.

### **4. INNSTILLINGSRETTE**

Ved lovendringa i 2012 vart det også teke inn i lova at kommunestyret skal fastsette korleis innstillingsretten skal fungere. Ei innstilling er eit forslag til vedtak som organet skal votere over.

I Førde kommune har dette fungert slik at rådmannen har førebudd sakene i samsvar med §23, 2. ledd i KL slik at dei er forsvarleg utreda. Førde kommune praktiserer fullført sakshandsaming – alle sakene som går til politisk handsaming vert fremja av rådmannen og er førebudde for det organet som skal gjere endeleg vedtak.

Førde kommune har kommunestyrekomitear etter §10a i KL, og desse innstiller til Bystyret etter at rådmannen først har førebudd sakene og innstilt til dei. Tilsvarande

er det også for Formannskapet og Planutvalet som innstiller til Bystyret for saker som disse organa har først.

I nokre få tilfelle har også ordføraren førebudd saker med framlegg til vedtak. Dette er gjerne saker av rein politisk karakter.

Kommunelova har ikkje nokon generell regel om innstillingsrett eller –plikt verken for administrasjonssjefen, ordføraren eller noko anna organ. Men Formannskapet skal komme med innstilling til kommunestyret om årsbudsjett, økonomiplan og rekneskapen.

Rådmannen vil tilrå at ein vidarefører dagens praksis i Førde ved at rådmannen innstiller i saker som skal handsamast i faste utval, Formannskapet, Planutvalet o.l. Til Bystyret er det Formannskapet, Planutvalet og komiteane som innstiller. Ordføraren bør fortsatt ha høve til å fremje saker slik praksis har vore.

## **5. DELEGERING PÅ DEI ENKELTE SAKSOMRÅDA**

### **5.1. SERVERING OG SAL/SKJENKING AV ALKOHOL**

- Alkoholova av 02.06.89 nr. 27:

Kommunen gjev **bevilling for sal og skjenking** av alkohol såframt ikkje lova seier bevilling vert gjeve av staten (kap.5). Avgjerd om tildeling av bevilling og tida for skjenking og sal kan etter § 1-12 berre delegerast til formannskapet. Rådmannen meiner dette er avgjerd som bør takast av bystyret, og det vert ikkje gjort framlegg om delegering.

**Inndraging** av sals- og skjenkeløyve (§1-8) vert delegert til **formannskapet**.

**Kontroll med sals- og skjenkeløyvene.** Departementet har i forskrift av 11.12.1997 pålagt kvar kommune å ha eit utval som skal kontrollere sal og skjenking av alkohol i kommunen. Utvalet kan virke i fleire kommunar eller det kan leggest til eit allereie eksisterande utval. Sjølve kontrollen skal gjerast av engasjerte kontrollørar. Rådmannen foreslår at leverkårskomiteen som kommunen sitt kontrollutval.

**Rådmannen** vert gjeve følgjande fullmakter:

- Sals- og skjenkeløyve ved einskildhøve (§1-7)
- Godkjenning av styrar og stedfortredar (§1-7c, 2.ledd)
- Endring av sals- og skjenketider i einskildhøve (§§ 3-7 og 4-4)
- Utviding av skjenkelokale i einskildhøve (§ 4-2, siste ledd)
- Nytte ambulerande løyve (§ 4-5)
- Fastsette bevillingsgebyr (§ 7-1)

**Ordføraren** kan gje løyve til å servere alkohol ved tilskipingar der Førde kommune er vertskap.

### **5.2. HELSE- OG SOSIALTENESTER**

Det er fleire lover som regulerer dette området. Innan dei rammer som lovene og bystyret set, har rådmannen fullmakt til å utføre alle gjeremål etter følgjande lover (opplistinga av oppgåver er ikkje uttømmande):

- Pasient- og brukarrettighetslova av 02.07.1999 nr. 63
  - Individuell plan
  - Plass i sjukeheim, institusjon m.m.
  - Avlastningstiltak
  - Praktisk bistand, støttekontakt, omsorgsløn og heimesjukepleie
  - Tvang og makt overfor personar over 16 år ved yting av somatisk helsehjelp (kap. 4A)
- Helse- og omsorgstenestelova av 24.06.2011 nr. 46
  - Individuell plan
  - NAV - (bustader til vanskelegstilte, tvangstiltak overfor rusmiddelavhengige)
  - Plass i sjukeheim, institusjon m.m.
  - Avlastningstiltak
  - Praktisk bistand, støttekontakt, omsorgsløn og heimesjukepleie
  - Fastsetjing av vederlag for helsetenester
  - Fastsetjing av vederlag for eigendel for kommunal helse- og omsorgstenester utanfor institusjon
- Miljøretta helsevern
- Tvang og makt overfor enkeltpersonar med psykisk utviklingshemming (kap. 9)
- Lov om sosiale tenester i arbeids- og velferdsforvaltningen (NAV) av 18.12.2009 nr.131
  - Bustader til vanskelegstilte, individuelle tenester inkl. økonomisk stønad, midlertidig bustad
  - Forskrift om habilitering og rehabilitering av 16.12.2011
  - Individuell plan kap.5
- Lov om barneverntenester av 17.07.1992 nr. 100

Kommunen skal utføre oppgåvene etter lova så langt oppgåvene ikkje er lagt til staten.

Kommunestyret har høve til å delegere oppgåver etter lova til eit folkevalt organ, men då skal organet ha fem medlemmer når det handsamar klientsaker. Førde kommune har ikkje eit slikt klientutval. Enkeltvedtak kan påklagast til fylkesmannen. Klagesakene vil bli lagt fram for klageutvalet på fem medlemmer.

Barnevernslova seier det i kvar kommune skal vere ein administrasjon med ein leiar som har ansvaret etter denne lova, så langt bystyret ikkje har bestemt at oppgåver skal leggast til eit folkevalt organ. Lova seier vidare kva slags oppgåver barnevernstenesta skal utføre. Dette er eit unntak frå det generelle prinsippet om at det er rådmannen som er ansvarleg for det som blir utført i administrasjonen. I barnevernssaker er det leiaren for barnevernstenesta og i denne sitt fråvær skal det peikast ut ein stedfortredar. Tilsettinga skjer etter det vanlege tilsetjingsreglementet.

- Lov om vern mot tobakkskader av 09.03.73 nr. 14:

Kommunen skal føre tilsyn med at bygg, lokale m.m. er røykfrie etter reglane i lova

(§13).

**Rådmannen** får fullmakt til å gjennomføre kommunen sine oppgåver.

- Lov om vern mot smittsomme sykdommer av 05.08.94 nr. 55:

Kommunen skal føre tilsyn med at reglane i lova vert haldne. Rådmannen får fullmakt til å gjennomføre tilsynet. Kommuneoverlegen er smitteansvarleg. Rådmannen skal òg peike ut ein stedfortredar.

### **Tildeling av plass på aktivitets- og dagsenter**

Rådmannen har fullmakt til å tildele plass ved kommunen sine aktivitets- og dagsenter.

- Lov om Kriesesenter av 19.06.2009 nr 44:

Rådmannen har mynde til å ivareta kommunen sine oppgåver etter lov om kommunale kriesesentertilbod.

### **Miljøretta helsevern**

Rådmannen har høve til å treffe vedtak innan miljøretta helsevern så langt Helse- og omsorgslova, Lov om folkehelse og forskrift om miljøretta helsevern gjev høve til det.

## **5.3. OPPLÆRING**

- Opplæringslova av 17.07.98 nr. 61:

Kommunen skal oppfylle retten til grunnskuleopplæring og spesialpedagogisk hjelp for dei som er busett i kommunen.

Kommunen kan gje forskrifter om undervisningstid utover det sentrale forskrifter fastset (§2-2). Bystyret bør sjølv vedta slike forskrifter. Bystyret bør også vedta eit felles ordensreglement for alle skulane (§2-10). Organiseringa av PPT bør også vedtakast av bystyret (§5-6).

Utover det som her ligg til bystyret, skal rådmannen ha fullmakt til å gjennomføre kommunen sine oppgåver etter opplæringslova.

- Lov om barnehagar av 17.06.2005 nr 64:

Kommunen er lokal barnehagemyndighet, og har plikt til å tilby plass i barnehage til barn under opplæringspliktig alder som er busett i kommunen. Kommunen forvaltar dei statlege øyremarka tilskota til ikkje-kommunale barnehagar i kommunen. (§8)

Bystyret vedtek vedtekter for dei kommunale barnehagane (§7) og fastset foreldrebetalinga.

Rådmannen er lokal barnehagemynde (§8) og får fullmakt til å sjå til at barnehagane vert drivne i samsvar med gjeldande regelverk (§8), godkjenne barnehagar (§10), forvalte driftstilskot til private barnehagar (§14), føre tilsyn med barnehagane (§16), godkjenne familiebarnehagar (§11), opptak etter vedtekter (§12), dispensere frå krav til utdanning (§§17 og 18), treffe vedtak om spesialpedagogisk hjelp (§19a), Treffe vedtak om rett til skuleskyss (§ 19 f) og treffe vedtak om opplæring i teiknspråk (§ 19h).

- Lov om introduksjonsordning for nyankomne innvandrere (introduksjonslova) av 07.04.2003 nr. 80:

Kommunen skal sørge for tenester etter denne lova.

**Rådmannen** får fullmakt til å utføre kommunen sine oppgaver etter denne lova.

#### 5.4. KULTUR

- Fordeling av kulturmidlar

**Bystyret** vedtek generelle retningslinjer. Rådmannen gjer den konkrete tildelinga. Klagerett til klageutvalet.

- Tildeling av kulturprisen:

**Formannskapet.**

- Tildeling av byggeskikksprisen:

**Formannskapet.**

- Lov om stadnamn av 18.05.90 nr. 11:

Bystyret eller den det gjev fullmakt, gjer vedtak om skrivemåten av namn på kommunale vegar, parkar, torg, bydelar, bustadfelt, anlegg mv.(§5). Fullmakta vert gjeve til **formannskapet**.

- Lov om film og videogram av 15.05.87 nr. 21

Framsying eller omsetning av film og videogram i næring treng løyve frå kommunen (§2). Løyve til framsying av film i næring vert delegert til **formannskapet**.

- Lov om motorferdsle i utmark og vassdrag av 10.06.77 nr. 82:

I utmark og vassdrag er motorferdsle forbode med mindre noko anna føl av lova eller vedtak med heimel i lova. **Bystyret** kan gje forskrift som gjev høve til landing og start med luftfartøy på bestemte stader i utmark og vassdrag. Vidare kan **bystyret** i forskrift gje løyve til bruk av motorfartøy på innsjøar mindre enn 2 km<sup>2</sup> (§5).

**Rådmannen** får fullmakt til å gje løyve om bruk av motorfartøy eller luftfartøy som elles ikkje kan finne stad etter lova når særlege grunnar ligg føre (§6).

- Lov om friluftslivet av 28.06.57 nr. 16:

Eigar eller brukar kan med kommunen sitt samtykke krevje ei rimeleg avgift for tilgang til badestrand, teltplass, parkeringsplass eller anna opparbeidd friluftsområde. (§14). **Rådmannen** får fullmakt til å gje slikt løyve.

Etter §§2, 2.ledd, 15 og 16 kan kommunen med samtykke frå eigaren eller brukaren regulere eller forby ferdsel i bestemte områder. Eit slikt kommunalt vedtak må stadfestast av fylkesmannen. **Formannskapet** får fullmakt til å gjere slike vedtak.

#### 5.5. TEKNISK

- Plan og bygningslova av 27.06.2008 nr. 16:

Plansida.

**Rådmannen** har fullmakt til å dispensere frå plan- og bygningslova, vedtekter og



forskrifter, og frå arealdelen til kommuneplanen og reguleringsplan så langt dette er kurante ja- eller nei-saker. **Rådmannen** har vidare fullmakt til å gjere mindre endringar i reguleringsplan og fastsette tomteinndeling. Førsetnaden er at det skal vere mindre (kurante) endringar (§12-14, 2. ledd). **Rådmannen** har også fullmakt til å starte/rå til reguleringsplanarbeid for utbyggingsområde i arealdelen og å kunngjere slik oppstart.

#### Byggesakssida

**Rådmannen** har fullmakt til å utøve det mynde som i samband med byggesaker er lagt til kommunen i PBL, fjerde og femte del (kap. 20 – 32). §32-9 om straff er ikkje delegert.

Førelegg om plikt til å etterkomme pålegg eller forbod og tvangsfullbyrding (§§32-6 og 32-7) skal likevel handsamast av planutvalet så langt det ikkje hastar på grunn av fare for liv eller helse. Tvangsmulkt over kr 100 000 som eingongsbeløp eller over kr 2000 pr. dag skal fastsetjast av planutvalet.

#### - Lov om eierseksjoner av 23.05.97 nr. 31:

**Rådmannen** får fullmakt til å gje løyve til seksjonering og reseksjonering (§§ 7 og 12).

#### - Veglova av 21.06.63 nr.23:

**Formannskapet** er kommunen si vegstyresmakt (§9). Alt mynde som er lagt til kommunen om byggverk, avkøyring m.m. vert lagt til **rådmannen** så langt det er kurant.

#### - Vegtrafikklova av 18.06.65 nr. 4:

**Rådmannen** får fullmakt til å ivareta kommunen sine oppgåver etter lova med føresegner.

#### - Matrikkelova. Lov om eigedomsregistrering av 17.06.2005 nr. 101:

**Rådmannen** får fullmakt til å ivareta kommunen sine oppgåver etter lova.

#### - Lov om brann og eksplosjonsvern av 14.06.02 nr. 20:

**Rådmannen** har plikt og fullmakt til innanfor budsjettet sine rammer å ivareta kommunen sine oppgåver etter lova med føresegner. Tvangsmulkt over kr 100 000 som eingongsbeløp eller over kr 2000 pr. dag skal fastsetjast av formannskapet

#### - Lov om vern mot forurensningar og om avfall (ureiningslova) av 13.03.81 nr. 6:

Etter renovasjonsforskrifta vedteken av Førde bystyre 12.12.01 har **Sunnfjord Miljøverk** fått fullmakter når det gjeld innsamling av forbruksavfall m.m, tømning av slamavskilljarar m.m.

**Rådmannen** får fullmakt til å ivareta dei andre oppgåvene etter ureiningslova med føresegner så langt dette kan delegerast. Tvangsmulkt over kr 100 000 som eingongsbeløp eller over kr 2000 pr. dag skal fastsetjast av **formannskapet**.

#### - Lov om konsesjon ved erverv av fast eiendom av 28.11.2003 nr. 98, jfr. forskrift om saksbehandling i kommunen i saker etter konsesjonsloven, jordloven, odelsloven og skogbruksloven av 08.12.03.

Kommunen skal avgjere saker etter konsesjonslova så langt det ikkje er lagt til andre organ i lova.

**Rådmannen** har fullmakt til å gje konsesjon (§2), forlenge fristen for vidaresal (§5.5 siste pkt.), lempe på konsesjonsvilkåra (§11), pålegge å søke om konsesjon (§ 13,

andre og tredje ledd, tilbaketrekking av konsesjon og fastsetjing av frist for sal (§ 16, andre og tredje ledd og andre oppgaver som er lagt til kommunen etter konsesjonslova.

- Lov om jord av 12.05.95 nr. 23, jfr forskrift av 08.12.03:

**Rådmannen** har fullmakt til å treffe vedtak som er lagt til kommunen gjennom vedtak frå Landbruksdepartementet 08.12.2003 om overføring av myndighet til kommunen, fylkesmannen, Landsbruksdirektoratet og Direktoratet for mineralforvaltning etter konsesjonsloven, jordlova og odelsloven.

**Rådmannen** har fullmakt til å fordele tilskott etter jordbruksavtalen e.l. i samsvar med §3 og § 18 i Jordlova.

- Lov om skogbruk av 27.05.2005 nr. 31:

**Rådmannen** får fullmakt til å gjennomføre alle oppgaver som er lagt til kommunen etter lova.

- Lov om jakt og fangst av vilt (viltlova) av 29.05.81 nr. 38 med forskrifter.

**Bystyret** vedtek forskrift om minsteareal etter §16 i viltlova og statleg forskrift om forvaltning av hjortevilt og bever §§4 og 5.

**Rådmannen** har fullmakt til å forvalte forskrift om forvaltning av hjortevilt og bever og kommunal forskrift. Vidare har rådmannen fullmakt til å forvalte viltfondet og å løyve midlar frå viltfondet etter retningsliner vedteke av bystyret.

- Naturmangfaldslova av 19.06.2009 nr. 100:

**Rådmannen** har etter lova fullmakt til å gje løyve til felling av hjort, bever og andre viltarter som gjer skade (§18).

## 5.6. ANDRE LOVOMRÅDE

- Lov om gravplasser, kremasjon og gravferd (gravferdslova) av 07.06.96 nr. 32

**Rådmannen** har fullmakt til å ta avgjerd når det er usemje om kven som skal sørge for gravferda og kven som skal ha høve til å vere ansvarleg for grava (§9, tredje og fjerde ledd).

- Lov 22.05.1981 nr. 25 rettergangsmåten i straffesaker.

**Rådmannen** får fullmakt til å krevje offentleg påtale når kommunen er fornærma, jfr. § 81 a andre ledd.

- Lov om mekling og rettergang i sivile saker (Tvistelova) av 17.06.2005 nr. 90:

**Rådmannen** får fullmakt til å bringe saker inn for domstolane, inngå forlik, godta eller anke rettsavgjerda. Saker av prinsipiell betydning og saker av større økonomisk omfang skal leggast fram for formannskapet til avgjerd. Rådmannen får fullmakt til å engasjere juridisk hjelp. **Ordføraren** kan gje fullmakt til andre å vere partsrepresentant.

- Lov om tvangsfullbyrdelse og midlertidig sikring av 26.06.1992 nr. 86:

**Rådmannen** får fullmakt til å setje i verk dei tiltak lova heimlar for sikring og inndring av uteståande pengekrav, og fullføring av krav og rettar som går ut på anna enn betaling av pengar. Rådmannen får også fullmakt til å krevje utkastning av leigetakar når leigetida er ute eller ligg føre vesentleg misleghald av leigekontrakta.

- Lov om gjeldsforhandling og konkurs av 08.06.1984 nr. 58.

**Rådmannen** får fullmakt til å krevje at buet til ein skuldnar vert teke under konkurshandsaming og å stille nødvendig garanti for konkurshandsaminga.

- Lov om eigedomsskatt til kommunane av 06.06.1955 nr. 29:

**Formannskapet** får fullmakt til å avgjere einskildsaker om skattefritak for bustadeigedomar (§ 7 c)

- Vallova av 28.06.02 nr. 57:

**Valstyret** får fullmakt til å oppnemne røystestyre (§4-2) og til å fastsetje kor mange røystekrinsar kommunen skal delast inn i (§ 9-3)

## 5.7. AVGJERDSRETT I BUDSJETTSAKER:

Bystyret har 17.06.2010 vedteke økonomireglement:

**Bystyret** si avgjerdsfullmakt:

Bystyret må sjølv fastsetje eller gjere endringar i fylgjande tilfelle:

- Fastsetje investeringsbudsjettet
- Inntekter og utgifter som gjeld kommunekassen generelt dvs. skatt, rammetilskot, avsetjingar og bruk av avsetjingar, finansutgifter og inntekter, låneavdrag og avdrag på utlån og liknande

**Formannskapet** har fullmakt til:

- Omdisponere innanfor heile driftsbudsjettet. Fullmakta gjeld også å auke utgift finansiert med tilsvarande auka inntekt.
- Auke løyvingane til tiltak innan investeringsbudsjettet når endringane vert finansiert ved at eit anna prosjekt vert redusert tilsvarande.
- Å gjere naudsynte avsettingar til disposisjonsfond.
- Stryke etter §9 i forskrift om årsrekneskap og årsberetning for å redusere

rekneskapsmessig underskot.

**Rådmannen** har fullmakt til:

- Å fastsetje og gjere kurante endringar i driftsbudsjettet, med unnatak av det som Bystyret sjølv skal vedta og avgrensingane i avsnittet nedanfor. Fullmakta omfattar og auka utgift finansiert med auka inntekt.
- Auke løyvingar til tiltak i investeringsbudsjettet innanfor det som svarar til dei

administrative einingane sine budsjettansvarsområde når endringane vert finansiert ved at eit anna prosjekt innanfor same budsjettansvarsområde vert redusert tilsvarande.

- Rådmannen vert gitt fullmakt til å redusere kommunestyrets budsjetterte overføringar til investeringsregnskapet dersom investeringsregnskapet ikkje treng det.

**Generelle avgrensingar for fullmaktene:**

- Omdisponeringar som kjem i strid med føresetnader eller prioriteringar som er lagt til grunn for Bystyret sitt budsjettvedtak
- Omdisponeringar må ikkje føre til bindingar for kommunen sitt budsjett

utover

budsjettåret.

- Omdisponering som er å sjå på som ekstraordinære eller på annan måte går utover vanleg standard eller etablerte administrative ordningar i Førde kommune.
- Omdisponering av større meirinntekter.

## **5.8. AVGJERD I FINANSSAKER:**

**Bystyret** har seinast 31.03.2016 vedteke finansreglement.

**Rådmannen** har fullmakt til:

- Rådmannen har fullmakt til å gjennomføre forvaltninga innan rammene i regelverket m.a. til å velje finansinstitusjon, forvaltar, forvaltningsform, plasseringsvilkår, tid, volum og samansetning av plasseringar
- å velje låneinstitusjon, eventuell ekstern forvaltar, lånetype, avdragstid, rentevilkår og avtaler og teikne for kommunen på gjeldsbrev til trygd for slike lån.; for innlån, refinansiering, samanslåing og forvaltning av lån.

## **5.9. EIGEDOMSFORVALTNING:**

**Rådmannen** får fullmakt til å planleggje og å få gjennomført bygge- og vedlikehaldsprosjekt innan dei rammer som er fastsett av bystyret.

**Rådmannen** får fullmakt til å kjøpe, selje, feste, feste vekk, regulere festeavgift, leige, leige ut og pantsetje fast eigedom. Fullmakta gjeld og kjøp og sal av andelar i burettslag.

Rådmannen har vidare fullmakt til godkjenne eller gå vidare med oreigningsskjøn. Dersom det ved kjøp/oreigning eller leige av eigedom ikkje er budsjettdekning skal saka leggjast fram for bystyret. Større saker skal alltid leggjast fram for bystyret.

### **- Førdehuset:**

Rådmannen får fullmakt til å fastsetje billettpisar til symjehall, kino, leigeprisar til Førdehuset, opningstider til Førdehuset og biblioteket.

### **- Skulane:**

Rådmannen får fullmakt til å fastsetje leigeprisar

## **5.10. ANDRE ØKONOMISAKER:**

**Formannskapet** får fullmakt til å avskrive krav på inntil kr 500 000

**Rådmannen** har fullmakt til å avskrive krav på inntil kr 100 000.

**Skatteutvalet** har fullmakt til å avgjere skattesaker som gjeld nedsetjing/ettergjeving av skatt på opptil kr 200 000. (Er godkjent av skattedirektoratet ved brev av 04.04.02)

**Rådmannen** har fullmakt til å ta avgjerd i enkeltsaker om startlån/tilskott.

**Rådmannen** har også fullmakt til å ta opp lån i Husbanken til vidare utlån (Startlån), jfr. vedtak i sak 14/12 i Bystyret

**Rådmannen** får fullmakt til å inngå innkjøpsavtaler for varer og tenester og å velje forsikringsselskap for kommunen sine forsikringar.

**Rådmannen** får fullmakt til å dekkje motparten sine sakskostnader etter forvaltningslova § 36 når eit vedtak er endra til gunst for parten.

#### **5.11. PERSONALSEKTOREN:**

Bystyret vedtok 24.04.2003 eit tilsetjingsreglement for Førde kommune der hovudinnhaldet var at Bystyret skal tilsette rådmannen medan rådmannen tilset i alle andre stillingar. Hovudreglane i reglementet ligg fortsatt til grunn for praksisen i Førde kommune. Oppdaterte reglar i samsvar med nytt avtaleverk er no ein del av Førde kommune si personalhandbok, og rådmannen vil tilrå at det er desse reglane som vert lagt til grunn for korleis rådmannen praktiserer tilsetjingsmyndet.

**Bystyret** tilset rådmannen, jfr.§22 i kommunelova. **Administrasjonsutvalet** vurderer rådmannen si løn ein gong i året. **Administrasjonsutvalet** fastsett løna etter forhandlingar, jfr hovedtariffavtalen kap. § 3.4. (I det opprinnelege delegeringsreglementet frå 2004 var dette myndet lagt til Formannskapet, men praksis har vore at det er Administrasjonsutvalet som har fastsett løna)

**Rådmannen** tilset i alle andre stillingar enn rådmannen i samsvar med hovudreglane i tilsetjingsreglementet vedteke av Bystyret 24.04.2003.

**Rådmannen** får fullmakt til å gjennomføre lokale lønsforhandlingar etter hovedtariffavtalen og å vedta forhandlingsresultatet. Ved usemje har rådmannen fullmakt til å anke etter reglane i hovedtariffavtalen.

**Rådmannen** får fullmakt til å gje innspel og stemme i samband med sentrale lønsforhandlingar, revisjon og uravstemming om Hovedavtalen og Hovedtariffavtalen.

**Rådmannen** får fullmakt til å organisere den kommunale administrasjonen. Han får fullmakt til å opprette/omgjere/legge ned stillingar og lønsplassere desse innan dei budsjetttrammer som bystyret fastset og det avtaleverk som gjeld. Rådmannen har fullmakt til å ta avgjerd i alle personalsaker, m.a. å gje permisjonar, organisere bruk av privat telekommunikasjon i tenestesamanheng og å seie opp tilsette.

Førde, den 01.02.2018

Ole John Østenstad  
Rådmann

Bjørnar Karlsen  
Kommuneadvokat